



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Referat frå styremøte tysdag 5. mai 2020 kl 18.30

Sigrun opna med å lese teksten «Stol på at det lysner» av Tomas Sjödin: I mørke tider er Gud vårt «gelender», og vi som kyrkje kan også vere trygge tilfluktsstader/ stabile element i nærområdet vårt når tidene er usikre for oss.

Til stades:

Ane S. Holm (2018-2019)

Åsbjørg Hægeland (2019-2020)

Sigrun Lønning Solvang (2019-2020)

Sak 17/20: [Godkjenning av referat frå styremøtet 12. mars 2020](#)

Referatet vart godkjent utan merknadar

Sak 18/20: [Oppstart av arrangement igjen etter korona-stenginga](#)

Regjeringa tillet no forsamlingar på inntil 50 personar, dersom det samstundes let seg gjere å overhalde smittevernstiltak. Styret vedtar derfor:

- Oppstart av bønemøta att med umiddelbar verknad.
- Gjennomføre avslutningssamling 7. juni som tidlegare planlagt. Vi har denne i hagen på Betel kl 13. Alle må ta med eigen mat. Det blir ikkje grilling. Etter samlinga blir det felles gå-/fjelltur for dei som ynskjer det.

Sak 19/20: [Evaluering av påskegudstenesta vår på YouTube](#)

Dei ulike kyrkjelydane i Kviteseid filma og la ut kvar si gudsteneste i påska. Betel hadde skjærtorsdagssamlinga. Vi brukte våre eigne folk til alt, og Olav Holm gjorde ein stor jobb med alt det tekniske. Det var fint for oss som fekk vere med å delta, og vi har fått god respons frå fleire som såg på. Talet på dei som streama møtet var langt større enn talet på menneske som vanlegvis brukar å vere til stades på møta våre.

Styret meiner også at vi bør vurdere sterkt å live-streame møta våre også til hausten.

Sak 20/20: Programmet for hausten

Ingen veit korleis hausten blir med omsyn til hausten, men mykje tydar på at vi vil kunne ha samlingar om lag som normalt, kun med einskilde justeringar knytt til matsevering.

Sundagstreffkomitèen kan derfor gå i gang med å planlegge. Styret har desse innspela til komitèen:

- Vi bruker mest mogleg lokale talarkrefter no i haust.
- Vi lar møta ha kun ein fellestale.
- Vi ynskjer å utfordre flest mogleg av dei unge (og dei vaksne..) i kyrkja til teneste.
- Vi ynskjer å gje meir rom for bøn/ vitnesbyrd i møta våre.

I tillegg ynskjer styret å ta ansvar for to sangkveldar komande semester.

Styret ser fram til komande semester med forventning!

Sak 21/20: Eventuelt

- Styret er takksame for all den uformelle diakonien som mange einskildmenneske i kyrkja vår har gjort i denne spesielle tida vi har hatt.
- Møtet med menighetsrådgjevar Mandt-Andfinsen er utsett til hausten.
- Neste styremøte blir tysdag 11. august kl 19.00.

Åsbjørg Hægeland, sekretær